

Bratt og Blåttprisen

Bluesprisen skal delast ut til dei som fortener det, når vi vil og til kven vi vil.

Det er dei einaste av dei høgtidelige statuttane. I år tenkte vi – og var ikkje i tvil!

Eg har alltid meint at Ivar Aasen er litt blues. I allefall innimellom. For:

Til Lags aat alle kann ingen gjera; det er no gamalt og vil so vera.

Eg tykkjer stødt, at det høver best aa hjelpa den, som det trenger mest.

Og grunnen til å sitere Ivar Aasen, er nettopp denne:

Vår mann hjelper den som det trenger mest. Og han gjer antakelegvis dei fleste til lags. Nesten. Og nettopp difor he han fortent all heider. Han har alle dei eigenskapane som skal til. Det er ro, problemløysing, trygghet og kontroll. Og han ”tykkjer stødt at det høver best å hjelpa den som det trenger mest”

Musikk er formidling. Når vi i bratt og blått var i ei forunderlig stemning, vi ville lage festival og vi hadde ei merkeleg tru på neste år, var spørsmålet. Korleis får vi dette til? “Er dette bra nok, vil folk kome og vil dei like seg her”? Ja, sa vår mann. Og rulla inn det som skulle til, tok kontroll, lest som ingenting og laga festival!

Ingen hadde gadda og vore her om ingen hadde høyrte. Vi e heldige. Musikk skal nemleg høyrast.

Anlegg og utstyr er å få kjøpt. Det sværaste som fins. Men det e styringa av dette som gjelde.

Vår mann reiser rundt, han e e kjend med et framifrå rykte. Når vi skal booke artistar i innland og utland, når vi skal overbevise dei at på Trandal treng du ikkje å uroe deg for lydprøve og scenelyd. Då kan eg kan røle med at vi har norges beste lydteknikar på plass. Og når dei høyrer namnet og seier, ” ja da så”! “Ja då so” stemmer vi med. Det hadde aldri vore Trandalblues utan denne mannen. Tru meg.

Musikk er lyd. Og det er det aller viktigaste. Vi he i mange år hatt ein av dei beste til å ordne dette for oss. Og det e din tur **Erik Valderhaug!** Herved e du tildelt bratt og blåttprisen 2015!